

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Nina Bognøy (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho sitt i styret i selskapet Opplæringsfartøy AS. Bognøy gjekk frå under vurderinga av om ho var inhabil. Fylkestinget vedtok samråystes at Bognøy ikkje var inhabil. Bognøy tiltredde saksbehandlinga.

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget i Vestland vil vekte å prioritere samfunnsøkonomiske omsyn i offentlege anbod og anskaffingar, slik at Vestland fylkeskommune kan operere som ein positiv og mektig samfunnsnyttig aktør, for lokalsamfunna ute i distrikta våre. Dette skal også være ein del av Vestland Fylkeskommune sin kommunikasjonsstrategi ut mot næringsaktørar og entreprenørar.»

Frank Willy Djuvik (FRP) sette på vegner av FRP, MDG, SP, KRF, V, A, R, H, SV fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkeskommune skal være ein positiv utviklingsaktør, og bidra til lokalt og regionalt næringsliv gjennom sine innkjøp. Fylkestinget ber om at administrasjonen nyttar handlingsrommet i innkjøpsreglane for å ivareta dette.»

Avrøysting

Syversen sitt forslag fekk 9 røyster (3 UA (Morten Klementsen, Hege N. Dale, Leif Bjarne Fjellro), R, SV) og fall.

Djuvik sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune skal være ein positiv utviklingsaktør, og bidra til lokalt og regionalt næringsliv gjennom sine innkjøp. Fylkestinget ber om at administrasjonen nyttar handlingsrommet i innkjøpsreglane for å ivareta dette.